

Tre lag til A-sluttspel i Norway Cup

31.07.2012



G-13-laget vart puljevinnarar.

I dag vart siste innleiande runde i Norway Cup spela. Det resulterte i at tre av våre lag gjekk vidare til A-sluttspelen, medan dei resterande tre laga skal spele B-sluttspel. Frå i morgen tidleg er det klart for vanleg cupspel. For vinnarane av kampane ventar nye kampar og nye motstandarar seinare på dagen. Laga som taper, er ferdige i turneringa. Det vert meldt at det til tider var vått og vanskelege speleforhold under nokre av dagens kampar.

#### G-13: Husøy & Foyland - Rosendal/Uskedal 1-2 (1-2).

Laget fekk ein knallstart på kampen då Kristoffer Eskeland sette eit kanonskot i mål etter få minuttars spel. Husøy & F utlikna etter noko rusk i forsvarsspelet. Like før pause fekk laget den viktige 2-1 scoringa, og dei kunne dermed gå til pause med leiing. 2. omgang var mållaus og jamn, og Rosendal/Uskedal vann ein fortent 2-1 siger. Dermed vart dei puljevinnarar etter tre sigrar, og dette laget var klar for A-spel alt i går. Laget har fått god maching då dei har møtt tre jammne motstandarar, men dei har dratt sigeren i land i kvar kamp.

#### G-13/14: Rosendal/Uskedal - Åheim 1-2 (1-1).

Laget vårt tilreiv seg tidleg initiativet og det var heilt fortent då Håvard Hunstad gav laget ei oppskriftmessig leiing. Åheim utlikna før pause slik at resultatet ved halvtid var 1-1. Utover i 2. omgang fortsette vårt lag presset, men midtvegs i omgangen skjedde det som så ofte skjer. Åheim kontra og sette inn leiarmålet. Etter scoringa fortsette presset mot Åheim-målet, men ballen ville absolutt ikkje i mål, og dermed enda kampen med 1-2 tap. Då dei andre resultata var gunstige, er laget likevel klar for A-spel.



Gode instruksjonar frå trenar Åge Myklebust til G-13/14-laget.



Karoline I. Amundsen, Katrine Y.  
Røssland og resten av laget har grunn til  
å vera fornøgd med innsatsen.

#### **J-15/16: Rosendal 1 - Sokndal 5-1 (5-1).**

I denne kampen var det nivåforskjel på laga. Rosendal dominerte stort, og sjølv om dei brende mange sjansar, leia dei heile 5-1 ved pause. Julie Skeie Olsen(2), Tina Skår, Ingebjørg Haugland scora. Det siste målet var sjølvmål som resultat av eit godt frispark frå Kari Bråtun. I pausen nytta Rosendal høve til å skifta mest heile laget. 2. omgangen baud og på gode sjansar, men den vart mållaus og dermed vart sluttresultatet 5-1. Laget spelar første A-spelkamp i morgon tidleg.

#### **J-14: Førde 2 - Rosendal 0-0.**

Kampen var jamnspela. Jentene gjorde ein god innsats. Det var mållaust til midt i 2. omgang då Emilie S. Øyre sette inn det avgjerande målet. Laget går til B-sluttspel.

#### **J-15/16: Rosendal 2 - Romsås 3-1 (0-1).**

Kampen var lenge jamm, Romsås leia 1-0 ved pause. To kjappe mål, begge av Ingeborg Sundal Ljosveit, snudde kampen. Same spelar la på til 3-1 på strffespark like før slutt.

#### **G-15/16: Rosendal - Vestby 0-2 (0-0).**

Rosendal trong siger, men dei møtte ein bra motstandar. Vestby opna best, men det jamna seg ut, og det stod 0-0 ved pause. 10 minutt før slutt scora Vestby etter hjørnespark. Det same gjentok seg litt seinare, og dermed enda kampen med 0-2 tap, og dermed vert det B-sluttspel.

De finn oversikt over dei kommande kampane for laga på Rosendal Turnlag si heimeside på denne linken: [http://rosendal-turnlag.no/Hovudsida/Rapport-fr%EF%BF%BD-Norway-Cup-31.07/cid/a25051\\_8483/](http://rosendal-turnlag.no/Hovudsida/Rapport-fr%EF%BF%BD-Norway-Cup-31.07/cid/a25051_8483/)

Vi ønskjer alle laga lykke til i sluttspelkampane og minner om at dei kan følgjast LIVE på facebook <https://www.facebook.com/#!/pages/Rosendal-Turnlag/153027638086804>

Foto: Privat/Rosendal Turnlag

Tekst: Thor Inge Døssland



Jublende J-15/16-jenter har sikra A-sluttspel plass